

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 17.01.2019

Odd Himle (SN-H) opplyste om ny innkalling til møte i koordineringsgruppa til «Leve hele livet», 21.02.19 i Førde. Invitasjonen vart distribuert til alle medlemene under møtet. Fylkeseldrerådet tok ikkje stilling til om saken skulle realitetshandsamast.

Monrad Reigstad (PF) etterlyste tilbakemelding på innspela knytt til PS 70/18. Fylkeseldrerådet tok ikkje stilling til om saken skulle realitetshandsamast.

Monrad Reigstad (PF) minna om at fylkeseldrerådet tidlegare har uttrykt ynskje om å kome inn i brukarutvalet til eigedomsavdelinga, utan å få tilbakemelding på dette. Fylkeseldrerådet tok ikkje stilling til om saken skulle realitetshandsamast.

I samband med PS 6/19 orienterte Silje Lyngstad frå fylkessekretariatet om saksgangen. Det vart avklara at dersom Fylkestinget godkjenner søknaden vil Valnemnda ta kontakt med Pensjonistforeningen for avklaring om nytt medlem og eventuelt varamedlem.

I samband med PS 9/19 diskuterte Fylkeseldrerådet mindre endringar i programmet, som blant anna vil frigjere tid til utflukt før middag første dag.

Orientering

Yngvild Alvsåker, stipendiat ved Senter for omsorgsforskning (HVL), presenterte eiga forskning og omsorgslaboratoriet. Ho orienterte om aktuelle velferdsteknologiar, med fokus på demens, og tilhøyrande etiske problemstillingar særskild knytt til overvaking. Fylkeseldrerådet deltok i diskusjonar med fokus på individuelle behov og einsemd.

Sekretariat

- Sjekker med Astrid Døsen om ho kan flytte tida for innlegget på Vestlandskonferansen.
- Sjekker med Solstrand om dei kan ordne buss t/r hotellet og Luranetunet under Vestlandskonferansen, med endra oppmøtestad til Solstrand.
- Orienterer Søviknes om ynskjer for opninga av Vestlandskonferansen.
- Ordnar sidenummereringa i årsmelding 2018.
- Inviterer fylkesrådmannen til neste møte i fylkeseldrerådet i mars.
- Sender ut høyringa tilhøyrande PS 14/19 til rådsmedlemene straks etter møtet.